

Spørsmål til fylkestinget onsdag 4. mars 2020

Jeanette Syversen (R): Ansvar for fiskerihamner

«Ansvar for fiskerihamner

Som ei del av regionsreforma skulle dei nye fylka overta ansvaret for 323 fiskerihamner frå staten frå nyttår. Men i eit oppslag i NRK 27.februar har dei fire nordlegaste kystfylka (Møre og Romsdal, Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark) alle nekta på å skrive under på ein avtale med staten, sidan kostnadane med drift- og vedlikehald fiskerihamnene (inkludert førebygging mot storm, springflo, klimaendringar og kompetanseoppbygging) er kraftig underfinansiert.

På denne bakgrunnen vil eg stille fylgjande spørsmål:

1. Kva er dei totale kostnadane på årleg drift og vedlikehald av fiskerihamnene i Vestland som fylket etter regionsreforma har overtatt ansvar for frå nyttår?
2. Har Vestland fylke fått garanti for full kompensasjon frå staten for alle desse kostnadane i 2020 og i åra framover?
3. Har Vestland fylke underteikna avtale med staten om å overta fiskerihamnene i Vestland fylke?»